

Retningslinjer for tilskot til «Nærmiljø og sosiale møteplassar»

Vedtatt av Sveio kommunestyre sak 047/22 – 13.06.22

Innleiing

Nærmiljø og sosiale møteplassar kan bidra til aktivitet, betre folkehelse og attraktive lokalsamfunn. Desse nærmiljøområda kan fungere som sosiale møteplassar for alle aldersgrupper. I dokumentet «Bulyst» ligg det eit ønske frå bygdene om å få opparbeida slike møteplassar. Kommunestyret vil bidra økonomisk til å få etablert møteplassane.

Bakgrunn

Kommunestyret i Sveio har vedtatt å etablere ei tilskotsordning, der frivillige lag og organisasjonar i bygdene, kan søkje om tilskot for å få realisert prosjekta dei ønskjer å etablere. I dokumentet «Bulyst» ligg det ulike ønsker til tiltak, som bygdene har peika på at dei vil realisere. Nokre av tiltaka gjev rett på tilskot frå spelemidlane, andre må finansierast fullt ut av egne midlar.

Formål med tilskotsordninga

Tilskotsordninga skal bidra til å bygge opp nærmiljø og sosiale møteplasser i dei 7 mest sentrale bygdene i Sveio kommune; Valestrand, Auklandshamn, Førde, Sveio, Bua, Lid og Vikse. Viktige premisser for arbeidet, er å få etablert ein attraktiv stad sentralt i bygda, der alle kan møtast og trivast.

Kva kan det søkjast midlar til?

Det kan søkjast om støtte til prosjekt som bidrar til å utvikle nærmiljø og sosiale møteplasser i kvar av dei 7 nemnde bygdene.

Kriterier for måloppnåing

Ei rekke indikatorar vil vere relevante for å vurdere oppnåing for tilskotsordninga, blant anna:

- det bør synleggjerast at tiltaket vil komme til å bidra til å skape ein møtestad for alle i bygda
- det bør synleggjerast at oppfølging av tiltaket bidrar i bærekraftig retning
- prosjektet bør støtte opp om eksisterande naturlege møtestader i bygda, om dei finns, slik som t.d. handels- og tenestetilbod

Kven kan søkje?

Tilskotsordninga omfattar dei sju mest sentrale bygdene i Sveio kommune. Desse områda omfattar områda Valestrand, Auklandshamn, Førde, Sveio, Bua, Lid og Vikse.

Både bygdelag, velforeningar og andre lokale frivillige organisasjonar kan søkje.

Tildelingskriterier

Ved tildeling blir det lagt vekt på om:

Prosjektet bidrar til å gje befolkninga i bygda ein attraktiv og nyskapande møtestad, der bebuarar i alle aldrar får eit ønske om å møtast og nytte området, gjerne med stadeiga særprega utforming

Prosjektet legg til rette for auka fysisk aktivitet

Prosjektet sikrar høg kvalitet og arealutnytting

Prosjektet viser korleis universell utforming kan inngå

Prosjektet legg til rette for løysingar med lading til mobiltelefon frå solcellepanel

Prosjektet skal ta utgangspunkt i det bygda melde inn som aktuell tiltak i kartlegginga «Bulyst»

Prosjektet kan være planlagt delvis finansiert med tilskot frå spelemidlane

Det kan ikkje søkast om midlar til næringsverksemd, oppsetting av gjerde, etablering av veg og asfaltering.

Maksimal støttesats og krav om eigenandel

Det blir lagt opp til at søkjar i høg grad kan bestemme om tilskot frå Sveio kommune skal nyttast 100% til tiltaket, eller om ein vil nytte tilskotet frå kommunen til delfinansiering i t.d.

spelemiddelsøknad. Det blir lagt opp til at søkjar i stor grad kan nytte midlane saman med anna tilskot og/eller gåve, i tillegg til dugnad.

Maksimalt tilskot til kvar bygd er avgrensa til kr 200 000.

Rapportering og kontroll

Sveio kommune forutset sluttrapportering og dokumentasjon på bruk av midlane. Tilskotsbrevet vil presisere kva vilkår Sveio kommune set for bruken av midlane og tidspunkt for utbetaling av desse.

Krav til søknadar

Søknadane skal vere skriftlege og sendast til postmottak@sveio.kommune.no eller Sveio kommune, postboks 40, 5559 SVEIO. Merk søknadane med «Nærmiljø og sosiale møtesplassar».

Eventuelle vedlegg skal berre innehalde tilleggsinformasjon.

Søknad skal innehalde:

- namn på søkar og prosjektansvarleg (kontaktperson skal oppgis) og eventuelle samarbeidspartnarar
- prosjektplan med orientering om kart over området som skal opparbeidast, skisse som viser korleis området er planlagt å sjå ut når det er ferdigstilt, dokumentert kostnadsoverslag (skriftlege tilbod på varer og tenester) og finansieringsplan (kontoutskrift, gåvebrev o.l.)

Søkjar som ønsker å nytte tilskot i kombinasjon med spelemidlar, må søkje digitalt om tilskot. Sjå informasjon om digital søknad og prosess på www.anleggsregisteret.no

Søknadsfrist:

1. oktober 2022

Er søknadane offentlege?

All skriftleg korrespondanse med kommunen er i utgangspunktet offentlig. Unntak frå dette er heimla i offentlegheitslova. Søkjar kan ikkje krevje å få unntatt delar av søknad frå offentlig innsyn. Kommune gjer vurdering på sjølvstendig grunnlag ved eventuelle spørsmål om innsyn.

Ved spørsmål, kontakt:

Sveio kommune, Eining for kultur v/ Marit Persen Liknes, epost marit.liknes@sveio.kommune.no eller tlf. 5374 0549/9209 5654.